Notat

Frå: Norsk overvakingsgruppe jamfør EU's vassdirektiv
Til: Potensielle oppdragtakarar
Dato: 13.08.2004

Oppdrag om å utforme eit forslag til norske referansestasjonar

Eit overvakingsprogram for norsk vatn skal vera etablert innan 22. desember 2006.

For overflatevatn, er fastsetjing av referansestasjonar det fyrste leddet i å få etablert eit overvakingsprogram. Vassdirektivet pålegg medlemslanda å opprette eit referansenettverk for kvar vasstype (Vedlegg II, 1.3 (iv)). Referansestasjonane skal lokaliserast til vatn som har høg økologisk status/ maksimalt økologisk potensiale.

Etter overvakingsgruppa si vurdering, bør referansestasjonane leggjast i områder som er heilt eller delvis beskytta for inngrep. Dette for å sikre at området vil ha høg økologisk status også i framtida. I tillegg bør referanseområda, om mogleg, blir lagt dit det allereie er overvaking eller der fins lange tidseriar med relevante data.

Målet med dette oppdraget er å:

- foreslå referansestasjonar i alle typar overflatevatn (elver, innsjøar, kunstige vassforekomster, sterkt modifiserte vassforekomster, overgangsvatn, kystvatn). Forslaget skal bygge på allereie gjennomførte oppdrag, sjå side 2 under allereide gjennomført arbeid.

- rekne ut kostnadene for etablering og drift av referansestasjonane. Det skal koma tydeleg fram kva som allereie er finansiert, og kva som er nyetableringar. Det er eit krav at forslaget skal være økonomisk realistisk. Forslaget skal vise kva for kvalitetselement (organismegrupper, kjemi, m.m.) som skal målast ved kvar enkelt referansestasjon. Vassdirektivets vedlegg 2, 1.3 (vi) viser at ein kan gjera unntak for kvalitetselement der det ikkje er mulig å fastsetja pålitelige typespesifikke referansevilkår pga høy naturleg variasjon. Det må vurderast om dette er relevant for enkelte kvalitetselement i enkelte vasstypar.

- foreslå arbeidsfordeling mellom Norge og eventuelt andre land om etablering og drift av referansestasjonar. Dette for å ivareta målet om å etablere eit kostnadseffektivt overvakingsprogram. Like viktig, er at dette sørgjer for at overvakinga blir harmonisert på tvers av landegrensene.

Oppdraget skal gjennomførast innan 1. februar 2005. Kostnadsramma er xxx xxx,- Nkr.

Norsk overvakingsgruppe, jfr EU's vassdirektiv vil sende forslaget til høyring til andre forskingsinstitutt og nøkkelpersonar i forvaltninga. Dette for å sikre at ein får mest mulig samforståing av at dei stasjonane som er valt, er best egna. Med bakgrunn i høyringa skal endelig rapport utarbeidast, dvs. innan 1. april 2005.

Allereide gjennomført arbeid

Innsjøar og elver

Eit førebels forslag til typologi for norske elver og innsjøar vart ferdig 1. juni 2003. Fyrste utkast fins på internettadressa: http://www.sft.no/arbeidsomr/vatn/vassdirektiv/publikasjoner/typologi_innsjoer_elver.pdf. Rapporten foreslår 23 innsjøtypar og 26 elvetypar, fordelt på 6 økoregionar (*spørsmål – er det nok med ein ref. lokalitet for kvar type, eller må ein også ta omsyn til økoregionar??, Viss ja, synes det uoverkommeleg med rundt 250 referanselokalitetar).* Vasstypane vil danne grunnlag for å velja referansestasjonar. Eit revidert utkast vil koma rundt 1. september 2004. Faktaark som beskriver referansetilstand for innsjøar og elver er gjennomført, og fins på internettadressa: http://www.sft.no/arbeidsomr/vatn/vassdirektiv/publikasjoner/.

Resultatet frå korleis 6 nasjonale overvakingsprogram kan samordnast betre, vil koma hausten 2004. Desse innsjøane er lite påverka av lokale inngrep/ forureining og vil derfor egne seg til referanselokalitetar. Ved å kombinere typologirapporten og samordningsrapporten kan ein finna egna referanselokalitetar. Det skal altså leggjast vekt på å velja referanselokalitetar frå den samordna innsjøovervakinga.

Oversikt over kva for områder som er beskytta, dvs. verna, eller er prioriterte områder for biologisk mangfald finnes på: http://dnweb5.dirnat.no/nbinnsyn/.

Resultat frå instituttprogrammet Bioklass bør nyttast når det er relevant.

Kunstige og sterkt modifiserte vassforekomster
Er det gjort arbeid ift. kategorisering av kunstige og sterkt modifiserte vassforekomster? Hvis ja, er det utført noe arbeid ift. typifisering og forslag til referanselokaliteter??? Finst det nordisk/ int. samarbeid her?

Overgangsvatn
Overflatevatn er den del av overflatevatnet der ferskvatn og salthaldig sjøvatn blir blanda til ein vasstype som er litt salthaldig, men som elles er klart prega av tilførselen av ferskvant (Art. 2).

Det er usikkert om kategorien overgangsvatn er relevant i Norge. Dette er ein viktig vasstype på kontinentet der store elver renn ut i eit delta. I Norge renn elvene ut i djupe fjordar utan elvedelta og med liten tidevassforskjell. Dette medfører at overgangsvatn, slik det er definert i vassdirektivet, ikkje er vanleg i Norge (ref. marin typologi rapport). Det er ikkje utført arbeid på å identifisere eventuelle overgangsvatn i Norge. Dette bør gjerast, og viss overgangsvatn ikkje finns i Norge, bør det utformast ein faglig argumentasjon på kvifor dette ikkje er aktuelt for Norge. Viss overgangvatn fins i Norge, bør det gjennomførast ei typifisering og valg av referansestasjonar.

Kystvatn

Det er eit problem å velja referansestasjonar i Norge i kystsona, fordi den er den mest påverka delen av vårt økosystem. Likevel må ein prøve å finne dei best egna referansestasjonane. Rapporten "typifisering av norske marine vannforekomster" http://www.sft.no/arbeidsomr/vatn/vassdirektiv/publikasjoner/marintypologiveileder.pdf inneheld både forslag til typifisering av kystvatn og forslag til referansestasjonar i kystvatn. Rapporten peiker på 7 ulike typar kystvatn fordelt på 4 økoregionar, i alt 23 typar kystvatn i Norge.

Rapporten foreslår altså referansestasjonar. I ettertid har det kome ein rapport med forslag til overvåkingsstasjonar for biologisk mangfald. Forslaget til overvakingsstasjonar her, avvik noko frå forslaget til referansestasjonar for vassdirektivet. Begge rapportane bør gås gjennom på nytt, for å sjekke om det er mogleg med ei enda betre samordning av referansestasjonar. Biologisk mangfald rapporten inneheld kostandsoverslag for overvakinga.

For kystvatn bør arbeidet fokusere på kva for lokalitetar som skal inngå i stasjonane og deretter kva for kvalitetselement som skal målast der. Det manglar mykje data ift. å beskrive kvalitetselementa. Det bør vurderast om modellering kan bidra til å velja riktige lokaliteter (bl.a ift. straumer) og kvalitetselement.

Resultat frå instituttprogrammet Bioklass bør nyttast der relevant.

Kostandsvurdering, for etablering og drift av referansestasjonane, vil også vere ein vesentlig del av arbeidet i dette prosjektet. Så langt mulig bør det gjennomføres samarbeid med andre land.